



ROVVILTNEMNDA I REGION 1

Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Rovviltnemnda region 1 pr. e-post

Dykkar ref: Vår ref.: Arkivnr.: Dato:
2013/12146 433.52 18.11.2014

Protokoll frå møte i rovviltnemnda region 1, 18. november 2014

Det blei avholdt telefonmøte i nemnda 18.11.2014. Frå nemnda deltok Noralv Distad, Oddny Omdal, Marit Krogsæter og Arne Bergsvåg. Frå sekretariatet deltok Linn Borsheim, og frå Statens Naturoppsyn (SNO) deltok Rein Arne Golf.

Nemnda viser til saksframlegg til møteinnkallinga av 12.11.2014.

Sak 15/14: Region 1 si behandling av samordningsoppdraget tildelt region 3

Rovviltnemnda region 1 stiller seg positive til samordningsoppdraget, på visse vilkår. Sjå eige vedtaksbrev.

Sak 16/14: Innspel til gjennomgang av bestandsmål for ulv og ulvesone

Saksframlegg frå sekretariatet blir sendt som innspel til Klima- og Miljødepartementet. Sjå eige brev.

Sak 17/14: Vurdering av ny kvote for lisensfelling av ulv i region 1 2014/2015

Kvote for lisensfelling av ulv blir auka frå 1 til 2 ulvar 2014/2015. Sjå eige vedtak.

Sak 18/14: Situasjonen med tap til jerv og behov for ekstraordinære uttak 2014/2015

Kvote for lisensfelling av jerv blir auka frå 8 til 10 jervar 2014/2015. Sjå eige vedtak. Nemnda ser behov for å iverksetje ekstraordinære uttak av jerv så fort det er sporsnø. Saka blir fulgt opp med brev til Miljødirektoratet. Sjå eige brev.

Postadresse:
Rovviltnemnda i region 1
c/o Fylkesmannen i Rogaland
Miljøvernavdelinga
Postboks 59
4001 Stavanger

Leiar for rovviltnemnda:
Noralv Distad
Postboks 53, 5741 Aurland
Telefon: 91374976
noralv.distad@sfj.no
<http://www.fylkesmannen.no/rogaland>

Sakshandsamar:
Linn Borsheim, seniorrådgivar
Telefon: 51568924
Fmrolbo@fylkesmannen.no

Med helsing

Noralv Distad
leiar for rovviltnemnda

Kopi pr. e-post til:

Fylkesmennene i Sogn og Fjordane, Vest-Agder og Hordaland

Miljødirektoratet v/Terje Bø

Vegard Ankarstrand, her

Mattilsynet

Sogn og Fjordane bondelag v/Mertete Støfring

Vest-Agder bondelag

Rogaland bondelag

Hordaland bondelag

Rogaland sau og geit



ROVVILTNEMNDNA I REGION 1

Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Klima- og miljødepartementet
Postboks 8013 Dep.
0030 Oslo

Dykkar ref: Vår ref.: Arkivnr.: Dato:
 2013/12146 433.52 21.11.2014

Innspel til faggrunnlag for bestandsmål for ulv og ulvesona

Det blir vist til KLD sitt dokument om faggrunnlag om bestandsmål for ulv og ulvesone, datert 31.10.2014.

Oppsummering

Rovviltnemnda i region 1 anbefaler at dagens modell for ulvesone og bestandsmål for ulv blir opprettholdt. Region 1 meiner at denne modellen er den minst kontroversielle, der konflikten til ei viss grad kan førebyggjast, og samtidig den modellen som best tar vare på bestanden slik situasjonen er i dag. Vurderinga er basert på ein situasjon der bestandsmåla er tenkt vidareført omtrent på dagens nivå.

Rovviltnemnda i region 1 sitt innspel til ulvesona

Det er lagt fram fleire alternative modeller for korleis ulvesona skal sjå ut framover. Region 1 trur at den minst konfliktfylte løysinga, er vidareføring av dagens modell. Dagens forvaltningssone for ulv strekker seg øst for Glomma gjennom Hedmark og gjennom deler av Oslo, Akershus og Østfold. Her kan tre ulvefamiliar etablere seg. Dette er eit område der det kjem ulv frå Sverige, og det er allereie investert mykje i omstilling og førebyggjande tiltak i området. Dette talar for å vidareføre dagens sone. Ved å vidareføre dagens sone, vil heller ikkje den ulven som har etablert seg i området i dag, bli forstyrra. Region 1 meiner at dette er den løysinga som er mest forutsigbar for både næring og verneinteressene.

Som ei ulempe med denne modellen, er det peika på at det er høgt konfliktnivå knytt til dagens sone, og at den legg begrensing for enkelte næringer. Nemnda har forståing for dette, men trur konfliktnivået vil auke dersom dagens sone blir utvida. Nemnda kan vanskeleg sjå for seg gode alternativ til dagens modell som er forutsigbar for både næring og verneinteressene.

Region 1 vil rå frå ei total oppheving av ulvesone. Ei oppheving av ulvesona vil truleg føre til eit svært høgt konfliktnivå. Det vil føre til ein uforutsigbar kvardag for beitenæringa, då det vil vere uklårt kor myndighetene går inn for at ulven kan få etablere seg. Det er i dag etablert grupper av ulv i dagens ulvesone, og ei fjerning av ulvesona vil og føre til ei mindre forutsigbar forvaltning av ulvebestanden, då allereie etablert ulv vil kunne bli teken ut. Samtidig må storleiken på forvaltningssona vere tilstrekkeleg til at det fastsette bestandsmålet kan halde seg innanfor sona.

Postadresse:
Rovviltnemnda i region 1
c/o Fylkesmannen i Rogaland
Landbruksavdelinga
Postboks 59
4001 Stavanger

Leiar for rovviltnemnda:
Noralf Distad
Postboks 53, 5741 Aurland
Telefon: 91374976
noralf.distad@sfj.no
<http://www.fylkesmannen.no/rogaland>

Sakshandsamar:
Linn Borsheim, seniorrådgivar
Telefon: 51568924

Fmrolbo@fylkesmannen.no

Det blir også vist til vår uttale om ulvesona datert 11.09.2013.

Rovviltnemnda i region 1 sitt innspel til bestandsmål

Individregistrering og registrering av familiegrupper er lagt fram som alternativ til dagens registrering av ynglingar.

Ved individregistrering vil bestandsmålet vere nådd uavhengig av om det er 30 hannulver i landet, eller fleire familiegrupper med meir jamn kjønnsfordeling. Ein situasjon med mange hanndyr vil i liten grad bevare bestanden. I tillegg vil ein slik situasjon kunne føre til auka konfliktnivå, då ein situasjon med mange hanndyr truleg vil resultere i fleire streifdyr i landet. Region 1 trur ikkje individregistrering er ei god løysing.

Når det gjeld registrering av familiegrupper eller ynglingar, har ikkje nemnda nokre klare synspunkt på val av modell. Det er ikkje på plass nokon samarbeidsavtale med Sverige om bestandsmål på ulv. Så lenge det framleis er tale om bestandsmål for Noreg åleine, ser ikkje nemnda noko problem med å vidareføre dagens modell med registrering av ynglingar, samt vidareføre dagens forvaltning av grenserevir.

Med helsing

Noralv Distad
leiar i rovviltnemnda region 1

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Kopi pr. e-post:

Rovviltnemnda region 1
Fylkesmannen i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Vest-Agder



ROVVILTNEMNDA I REGION 1

Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Adresseliste pr. e-post

Dykkar ref: Vår ref.: Arkivnr.: Dato:
2013/12146 433.52 21.11.2014

Nytt vedtak om lisensfelling av ulv og jerv i region 1 i perioden 2014/2015

Ny kvote for lisensfelling er på 2 ulver og 10 jerv som kan fellast i heile Region 1. den auka kvota blei vedtatt av Rovviltnemnda på møte 18.11.2014. Desse vedtaka blir også lagt ut på Miljøvedtaksregisteret <http://www.miljovedtak.no/> og på vår heimeside www.fylkesmannen.no/rogaland .

Oppdatert informasjon om kvote blir til einkvar tid lagt ut på tlf. 51568900. Alle jegerar pliktar å halde seg orienterte om kvoten som er att.

Vedtak

Lisensfelling av jerv

*Rovviltnemnda opnar for lisensfelling av jerv i perioden 10.09.2014 – 15.02.2015. Til saman kan det fellast **10 jervar** i heile Region 1. **Denne kvota erstattar tidlegare kvote fastsett i vedtak datert 04.06.2014. Irregulær avgang eller skadefelling gjennomført etter nemnda/DN sitt vedtak blir belasta kvoten.***

Felt dyr skal straks meldast til Fylkesmannen og kommunen. Felt dyr skal synast fram for Statens Naturoppsyn for kontroll. Den som skyter på jerv utan at dyret blir felt plikter å melde frå straks til Fylkesmannen, kommune og politi. Fylkesmannen avgjer korleis det vidare ettersøket skal gjennomførast.

Hagle og rifle er tillatt ved lisensfelling på jerv. Sjå elles viltlova sine bestemmelsar for mellom anna utøving av jakt, felling og fangst (forskrift av 22.mars 2002, sist endra 16.05.2012).

Det er høve til bruk av bås til fangst av jerv dersom det etter søknad blir gitt løyve til det av Fylkesmannen.

Det er ikkje høve til å nytte snøskuter.

Postadresse:
Rovviltnemnda i region 1
c/o Fylkesmannen i Rogaland
Landbruksavdelinga
Postboks 59
4001 Stavanger

Leiar for roviltnemnda:
Noralf Distad
Postboks 53, 5741 Aurland
Telefon: 91374976
noralf.distad@sfj.no
<http://www.fylkesmannen.no/rogaland>

Sakshandsamar:
Linn Borsheim, seniorrådgivar
Telefon: 51568924

Fmrolbo@fylkesmannen.no

Lisensfelling er knytt til eigedomsretten til jakt og fangst. Løyve frå jaktrettshavar til lisensfelling er difor naudsynt.

Fylkesmennene administrerer lisensfellinga.

Lisensfelling av ulv

Rovviltnemnda opner for lisensfelling av 2 ulv i heile Region 1 i perioden 1.10.2014 til 31.03.2015. Denne kvota erstattar tidlegare kvote fastsett i vedtak datert 04.06.2014.

Eventuelle uttak på skadefellingskvote blir trukke frå lisensfellingskvoten.

Felt dyr skal straks meldast til Fylkesmannen og kommunen. Felt dyr skal synast fram for Statens Naturoppsyn for kontroll. Den som skyter på ulv utan at han blir felt plikter å melde frå straks til Fylkesmannen, kommune og politi. Fylkesmannen avgjer korleis det vidare ettersøket skal gjennomførast.

Kun rifle er tillatt ved lisensfelling på ulv. Sjå elles viltlova sine bestemmelsar for utøving av jakt, felling og fangst (forskrift av 22.mars 2002, sist endra 16.05.2012).

Det er ikkje høve til å nytte snøskuter.

Lisensfelling er knytt til eigedomsretten til jakt og fangst. Løyve frå jaktrettshavar til lisensfelling er difor naudsynt.

Fylkesmennene administrerer lisensfellinga.

Grunngjeving for vedtak om lisensfelling av jerv

Rovviltnemnda i region 1 syner til at heile regionen er prioritert sone for beitedyr der det ikkje skal vere skadegjerande rovvilt. Viktigaste førebyggjande tiltak her er felling. Det ligg ikkje føre innstilling frå sekretariatet i denne saka.

Statens naturoppsyn (SNO) har dokumentert 10 ulike individ av jerv i Sogn og Fjordane i 2014. Ein DNA-prøve er enno ikkje analysert, slik at talet kan kome opp i 11 ulike individ. Mange av registreringane er gjort opp mot grensa til Oppland. Det er vidare dokumentert 73 tap av sau til jerv i fylket. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har fått inn søknad om erstatning for totalt 1072 sau og lam grunna jerv.

Nemnda viser til dei registreringane som er gjort på tal jerv i regionen og det store skadeomfanget som har vore i 2014. Lisenskvota fastsett i vår er lågare enn faktisk dokumentert tal jerv i regionen. Det er viktig at lisensfellingskvoten harmoniserer med det faktiske talet dyr som er i regionen. Då det ikkje skal vere skadegjernade rovvilt i regionen, auker nemnda lisenskvoten på jerv frå 8 til 10 jerver.

Grunngjeving for vedtak om lisensfelling av ulv

Rovviltnemnda viser også her til at heile regionen er prioritert sone for beitedyr der det ikkje skal vere skadegjerande rovvilt. Viktigaste førebyggjande tiltak her er felling. Nemnda sitt vedtak er ikkje i samsvar med innstillinga frå sekretariatet.

Pr. 07.11.2014 er det i år antatt 9 tap av sau til ulv i Sogn og Fjordane (Rovdata). Det er også teke DNA-prøver som dokumenterer ulv i Naustdal. Rein Arne Golf frå SNO kan informere om at siste sikre observasjon av ulv i Sogn og Fjordane er ein skadesak i slutten av oktober. Det har blitt spekulert i om det er 2 ulver i området, men det er førebels berre dokumentert eitt individ. Dette er ein hannulv som har kome frå Sverige.

I Vest-Agder er det 16 dokumenterte og 10 antatt tap av sau til ulv (Rovdata). Jon Erling Skåtan frå SNO kan informere om at dei er relativt sikre på at det er ein ulv i Vest-Agder pr. 07.11. Det blei gjort ein observasjon på viltkamera i slutten av oktober.

Informasjon frå SNO viser at det truleg er minst 2 ulvar i regionen. Ulven i Sogn og Fjordane er identifisert og er ikkje eit individ av spesiell genetisk verdi. For å unngå å kome i ein vanskeleg situasjon med felling av 2 ulver på same tid, går nemnda inn for å auke kvoten for lisensfelling frå 1 til 2 ulv som kan fellast i heile regionen. I vurderinga blir det lagt vekt på at det ikkje skal vere skadegjerande rovvilt i regionen, og at det er dokumentert 2 ulv i regionen.

Vedtaka er etter nemnda si vurdering ikkje i strid med nasjonale mål for rovvilt eller forvaltingsmålet for artar, jf naturmangfaldlova §5.

Klage

Rovviltnemnda sine vedtak om lisensfelling og kvotefri jakt kan påklagast til Klima-og miljødepartementet innan 3 veker, jf forvaltningslova §§28 og 29. Ei eventuell klage skal rettast til Miljøverndepartementet, men sendast til rovviltnemnda v/sekretariatet, Fylkesmannen i Rogaland.

Med helsing

Noralv Distad
leiar for rovviltnemnda

Adresseliste:

Miljødirektoratet
Fylkesmennene i Sogn og Fjordane, Vest-Agder og Hordaland
Mattilsynet
SNO v/Rein Arne Golf og Jon Erling Skåtan
Bondelaga i Sogn og Fjordane, Hordaland, Vest-Agder og Rogaland
Rogaland sau og geit
WWF Norge
Foreningen Våre rovdyr
Norges miljøvernforbund
Naturvernforbundet i Vest-Agder, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland

Kopi til:

Rovviltnemnda pr epost

Vedlegg:

Saksutgreiing frå sekretariatet

Saksframlegg frå sekretariatet

Politiske føringar og lovverk

Desse dokumenta er lagt til grunn for saksframlegget:

- St.meld.nr. 15 (2003-2004) Rovvilt i norsk natur
- Innst.S.nr 174 (2003-2004)
- Lov av 19.06.2009 nr 100. Lov om forvaltning av naturens mangfold
- Forskrift av 19.03.2005 Om forvaltning av rovvilt
- Forvaltningsplan for rovvilt i Region 1, revidert i 2014
- Data frå overvakingsprogram for rovvilt
- Rovviltforliket i Stortinget, Dokument 8:163 S(2010-2011) av 16.06.2011

Saksopplysningar

Lisensfelleringsperioden for ulv er i Region 1 frå 1. oktober til 31. mars. Noverande kvote for lisensfelling av ulv i 2014 – 2015 er på eitt dyr, som kan nyttast i heile regionen. Betinga kvote for skadefelling på ulv er på 4 dyr. Det er oppretta ein telefonsvarar for lisensjegerar som sikrar informasjon om tilgjengeleg kvote.

Nasjonalt forvaltningsmål for ulv er 3 årlege ynglingar i heilnorske revir innafør forvaltningsområdet på Austlandet. Måla blei nådd i 2010, 2011, 2012 og 2013. Det er ikkje nasjonale mål om ynglingar av ulv i Region 1. Rovviltnemnda har difor alltid mynde til å kunne vedta kvote for lisensfelling etter rovviltforskrifta § 7. I Region 1 er det store beiteinteresser, og tiltak mot rovviltskade vil i stor grad vere ulike former for felling. Stortinget har i rovviltforliket frå 2011 understreka at lisensfelling skal vere viktigaste reiskap for felling.

Alle regionar skal ta omsyn til dei nasjonale måla for ulv. Difor er det eit krav om fastsetting av kvote. Rovviltnemnda skal legge til grunn data frå nasjonalt overvakingsprogram, SNO sin dokumentasjon av førekomsten av ulv i Region 1 og tilgrensande område, og skadesituasjonen ved vedtak om lisensfelling av ulv. Miljøverndepartementet har i handsaming av klagesaker streka under på at ”prinsippet om arealdifferensiering ikkje er ensbetydende med at områder som er prioritert til beitebruk til enhver tid skal være frie for rovvilt, eller at beitedyr skal utelukkes i områder hvor rovdryr gis prioritet.” På den andre sida seier forvaltningsplanen at rovpattedyr med skadepotensiale ikkje er ønska i regionen.

Frå år 2000 og fram til i dag er det 3 ulv som er skadefelt i regionen og ein er påkøyrd. Elles er det ingen dokumenterte fellingar av ulv i Rovbase.

Pr. 07.11.2014 er det i år antatt 9 tap av sau til ulv i Sogn og Fjordane. Det er også teke DNA-prøver som dokumenterer ulv i Naustdal. Rein Arne Golf frå SNO kan informere om at siste sikre observasjon av ulv i Sogn og Fjordane er ein skadesak i slutten av oktober. Det har blitt spekulert i om det er 2 ulver i området, men det er førebels berre dokumentert eitt individ. Dette er ein hannulv som har kome frå Sverige.

I Vest-Agder er det 16 dokumenterte og 10 antatt tap av sau til ulv. Jon Erling Skåtan frå SNO kan informere om at dei er relativt sikre på at det er ein ulv i Vest-Agder pr. i dag. Det blei gjort ein observasjon på viltkamera for om lag 14 dagar sidan.

Som følgje av situasjonen i Vest-Agder og Sogn og Fjordane er det i brev datert 11.09.2014 kome ynskje frå Agder Bondelag om å auke lisenskvoten for ulv i Region 1.

Sekretariatet si vurdering

Nemnda har høve til å endre kvoten for lisensfelling ved behov, også etter at lisensfellinga har starta. Det blir derfor foreslått at utviklinga i regionen blir følgt tett framover. Dersom noverande kvote for lisensfelling på 1 ulv blir brukt, føreslår nemnda å kalle inn til hastemøte for å vurdere å auke noverande kvote. Det blir lagt vekt på at eit slikt møte må skje straks den noverande kvoten eventuelt blir brukt opp.

På denne måten kan ei eventuell justering av kvoten kunne gjerast på best mogleg kunnskapsgrunnlag. Det er lite sannsynleg at det kjem ein situasjon der lisensjegerar har høve til å felle ulv i både Sogn og Fjordane og i Vest-Agder på nokolunde same tid. Hastemøte ved eventuell oppfylling av kvota bør derfor vere ei god løysing for å vurdere saka utifrå status på dåverande tidspunkt. I Sogn og Fjordane er det stadfesta at ulven i området er eit hanndyr frå Sverige. Det er mogleg at dette er eit dyr som kjem til å bevege seg vidare ut av regionen.

Framlegg til konklusjon

Noverande kvote for lisensfelling blir opprettheldt. Ved eventuell felling av ulv i regionen, vil det bli kalla inn til hastemøte i nemnda for å vurdere behovet for utviding av kvoten.



ROVVILTNEMNDA I REGION 1

Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Klima- og miljødepartementet
Postboks 8013 Dep.
0030 Oslo

Dykkar ref:	Vår ref.:	Arkivnr.:	Dato:
	2013/12146	433.52	21.11.2014

Region 1 sitt vedtak om samordningsoppdraget tildelt region 3

Det blir vist til vedtak 20.10.2014 frå region 3 om samordningsoppdrag for jerv i Sør-Noreg. Vidare blir det vist til møte i Klima- og Miljødepartementet (KLD) 24.09.2014 der samordningsoppdraget var tema.

Nemnda i region 1 har i møte den 18.11.2014 behandla saka.

Vedtak

Region 1 stiller seg positive til samordningsoppdraget. Oppdraget må byggje på at region 1 ikkje skal ha skadegjerande rovdyr. Samtidig må det ikkje vere ynglesone i region 3 nær grensa til region 1. Det må vere ein føresetnad at monalege kostnadsendringer blir dekkja av Klima- og miljødepartementet (KLD).

Bakgrunn for saka

Utveksling av dyr til og frå den sørvestlege jervebestanden er liten, noko som skapar innavlsproblematikk. På bakgrunn av dette, har departementet i brev datert 21.05.2014 bedt region 3 om å ta ei særleg samordningsrolle for jerv i Sør-Noreg. Region 3 har takka ja til oppdraget i vedtak datert 20.10.2014, på visse vilkår. Eit av vilkåra er at dei tilgrensande regionane, herunder region 1, stiller seg positive til arbeidet og behandlar oppdraget i eige vedtak.

Vurdering

Region 3 grensar til region 1 i den nordaustlege delen av regionen. I dette området kjem det med jamne mellomrom jerv frå region 3, og det er også her region 1 har dei største tapa til jerv. Dei to regionane har mange av dei same utfordringane på jerv. Endring i jerveforvaltninga i og rundt region 3 vil kunne påverke region 1, og med eit nærare samarbeid kan vi få til eit lågare konfliktnivå ved å ta omsyn til utfordringane som ligg i dei ulike regionane. Då region 1 ikkje har bestandsmål for jerv i eigen region, er det usikkerheit kring korleis regionen skal bidra inn i arbeidet med innavlsproblematikken. Region 1 ser likevel på

Postadresse:
Rovviltnemnda i region 1
c/o Fylkesmannen i Rogaland
Miljøvernavdelinga
Postboks 59
4001 Stavanger

Leiar for rovviltnemnda:
Noralf Distad
Postboks 53, 5741 Aurland
Telefon: 91374976
noralf.distad@sfj.no
<http://www.fylkesmannen.no/rogaland>

Sakshandsamar:
Linn Borsheim, seniorrådgivar
Telefon: 51568924

Fmrolbo@fylkesmannen.no

tettare samarbeid med tilgrensande regionar som eit positivt tiltak for å gjennomføre arbeidet med mål om minst mogleg konflikt med næringa og best moglege løysingar for bestanden.

Forvaltningsplanen til region 1 stadfester at det ikkje skal vere skadegjerande rovdyr i regionen. Med tanke på innavlsproblematikken er det derfor ikkje ei god løysing at jervesona til region 3 blir lagt tett opp til region 1. Nemnda stiller seg positive til nærare samarbeid, men viser til at samordningsoppdraget må byggje på at region 1 ikkje skal ha skadegjerande rovdyr. Samtidig viser region 1 til at det ikkje må vere ynglesone i region 3 nær grensa til region 1.

Det er uklart for region 1 kva eit slikt oppdrag vil innebere av meirarbeid og auka utgifter for regionen , og det må vere ein føresetnad at monalege kostnadsendingar blir dekkja av KLD.

Med helsing

Noralv Distad
leiar for rovviltnemnda

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Kopi til:
Rovviltnemndene i region 2, 3, 5 og 6



ROVVILTNEMNDA I REGION 1

Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Miljødirektoratet
Postboks 5672 Sluppen
7485 TRONDHEIM

Dykkar ref:	Vår ref.:	Arkivnr.:	Dato:
	2013/12146	433.52	21.11.2014

Ekstraordinære uttak av jerv i region 1

Rovviltnemnda i region 1 viser til dei store tapa av sau til jerv som er dokumentert i Sogn og Fjordane i 2014 og ber Miljødirektoratet om å iverksette ekstraordinære uttak av jerv i region 1 så fort det er sporsnø.

Status etter beitesesongen 2014

Det har vore rekordstore tap av sau til jerv i Sogn og Fjordane i år. Pr. 07.11.2014 er det registrert 73 dokumenterte og 34 antatt tap av sau til jerv i fylket. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har fått inn søknad om erstatning for totalt 1072 sau og lam grunna jerv. Rein Arne Golf frå Statens Naturoppsyn (SNO) kan informere om at det så langt er registrert 10 ulike individ av jerv i regionen. Ein DNA-prøve ligg enno til analysing, slik at talet kan kome opp i 11 ulike individ. Av individa registrert, er to kjende frå før, mens dei resterande 8 individa er nye. Den eine DNA-prøven er gjort i Buskerud, men i grenseområdet til Region 1, og i same fjellområde. Dette er eit kjent individ som kjem frå Folldal. Det andre kjende individet kjem frå Skjåk. Dette er rekordhøg registrering, til tross for at det har vore ein dårleg sesong for registrering. Dei fleste DNA-prøvane i Region 1 er tekne i grensa til Oppland.

Jakttida for lisensjegerar på jerv er frå og med 10. september til og med 15. februar. Førebels er det ikkje felt dyr av den vedtekne lisenskvoten på 8 jerv.

Nemnda si vurdering

Forvaltningsplanen stadfester at det ikkje skal vere skadegjerande rovdyr i regionen. Rovviltnemnda skal ta kontakt med Miljødirektoratet for drøfting av behov for uttak av eventuell restkvote.

Området på grensa til region 3, der det er registrert flest jerv, er eit område der det er vanskeleg å drive vanleg lisensjakt. Nemnda viser derfor til at det er viktig at det blir sett i gang ekstraordinære uttak i region 1. For å sikre at det ikkje er skadegjernade rovdyr i regionen ved inngangen til beitesesongen, viser nemnda til at ekstraordinære uttak må starte

Postadresse:
Rovviltnemnda i region 1
c/o Fylkesmannen i Rogaland
Miljøvernavingdelinga
Postboks 59
4001 Stavanger

Leiar for rovviltnemnda:
Noralf Distad
Postboks 53, 5741 Aurland
Telefon: 91374976
noralf.distad@sfj.no
<http://www.fylkesmannen.no/rogaland>

Sakshandsamar:
Linn Borsheim, seniorrådgivar
Telefon: 51568924

Fmrolbo@fylkesmannen.no

straks det er sporsnø, og før perioden for lisensfelling er over. Uttaka bør konsentrerast om Sogn og Fjordane.

Med helsing

Noralv Distad
leiar i rovviltnemnda i region 1

Kopi pr. e-post:
Rovviltnemnda region 1
Fylkesmennene i region 1